
Fra: Linda Folkestad
Sendt: 5. mai 2014 12:53
Til: 'Tomas Johannessen'
Kopi: Arne Helgesen
Emne: Vedkommande synfaring fettutskiljar Lindås brygge
Vedlegg: Forskrift for fettutskiljar.pdf

Hei,

Viser til synfaring tysdag 29.04.14 vedkommande fett utskiljar ved Dykkar verksemd. Det er installert ei Grease Guardian på ca 2l/s. Denne utskiljaren er for liten og fungerer ikkje etter intensjonen slik at fett vert leia ut på kommunalt nett. Størrelsen er i strid med kommunen sin forskrift for fett utskiljar vedteke i kommunestyret 02.02.2006. Minste tillatne størrelse i Lindås kommune er NS 4 (4l/s = våt volum 1130 liter). NS 4 kan berre nyttast dersom produksjonen ved verskesmda tilseier at ein kan nytte denne størrelsen.

Det må ikkje nyttast zalo som vaskemiddel. Zalo vil løyse opp fett slik at dette ikkje vert skilt ut i anlegget. Berre godkjente vaskemidlar for fett utskiljarar skal nyttast.

Det må sendast inn søknad om løyve til tilkopling av fett utskiljar til offentleg leidningsnett. Søknad må sendast inn snarast og innan 05.06.2014 slik at prosessen kjem i gang.

Med søknad skal det leggest ved:

- 1) Type fett utskiljar/Produktsertifikat
- 2) Størrelse på fett utskiljar (kapasitet)
- 3) Berekningsgrunnlag for val av utskiljar størrelse (dimensjonering for maks belastning som kan tenkast å førekomme)
- 4) Situasjonkart som viser plassering av utskiljar
- 5) Tømmeavtale med godkjent tømmefirma (tømmefrekvens 3-12 gonger per år avhengig av størrelse på anlegg og produksjon ved verksemda). Avtale skal være signert av begge parter.
- 6) Eigar/kontaktperson/ansvarleg for anlegg:
 - namn,
 - telefonnummer

Det vert sett krav om årleg inn rapportering av anlegget. Kommunen sine skjema skal nyttas. Det vert sett krav til minimum 1 temperaturmåling av anlegg over 3,5 døgn (under full drift). Rapportering kan utførast av tømmeoperatør. Det må da inngås avtale om dette og kommunen skal ha kopi av avtalen (signert av begge parter).

mvh



Linda Folkestad

saksbehandlar teknisk drift

Tlf: 56 37 51 70/ 975 85 285

www.lindas.kommune.no

Lik oss på 

Følg oss på 

Kikk oss i kartene

